



› Lånegjeld, renter og avdrag

Lånegjeld, renter og avdrag	2018	2017	2016	2015	2014
Langsiktig lånegjeld(1.000kr)	1 055 919	1 039 234	1 032 404	995 894	990 653
Langsiktig lånegjeld, kroner per innbygger *)	125 735	125 330	126 349	123 041	125 019

*) Basert på innbyggertal pr. 31.12.2018: 8 398 innb.

Langsiktig lånegjeld egne lån var kr 999 600 000, formidlingslån var kr 56 319 054 pr. 31.12.2018.

Ubrukte lånemidler egne lån pr. 31.12.2018 var kr 48 780 700. Kalkulert/ikkje betalt avdrag i 2018 kr 31 882 044. Dette utgjør tilsaman kr 80 662 745.

Langsiktig gjeld ekskl. formidlingslån har i 2018 auka med 20 mill. kr. Langsiktig gjeld formidlingslån har i 2018 hatt ein nedgang med kr 3 314 621. Tabellen viser at kommunen si samla lånegjeld i perioden 2014 - 2018 har auka med 65,3 mill. kr.

Av langsiktig gjeld til investeringar kan ein rekne at 178,3 mill. kr gjeld lån innan vatn, avløp, slam og renovasjon, som restverdi pr. 31.12.2018 og avskrivingsgrunnlag for VAR-området i 2018.

Renter og avdrag på lån til Investeringar

Renter og avdrag på lån til investeringar(1000 kr)	2018	2017	2016	2015	2014
Renter løpande lån	25 498	25 884	28 214	25 731	26 326
Avdrag løpande lån	31 882	31 132	29 720	29 033	28 427
Sum renter/avdrag	57 380	57 016	57 934	54 764	54 753

KOSTRA

	2018	2018	2017	2017
	1532 Giske	Kostragruppe 11	1532 Giske	Kostragruppe 11
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	270,7	229,9	274,3	226,8
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	110 474	86 930	110 300	81 559
Arbeidskapital ex. Premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	29,3	17,0	31,5	16,4

Giske ligg i landstoppen i gjeld. Dette kjem av at det har vore satsa på store investeringar med nytt omsorgssenter og ny barneskule.

Når det gjeld langsiktig gjeld i høve brutto driftsinntekter ser ein at Giske kommune har ein nedgang på 3,6% medan resten av kostragruppa har ein auke på 3,1%. Netto lånegjeld i kroner per innbygger er omtrent stabilt med ein liten auke på kr 174 per inbyggjar, eller 1,31% medan kostragruppa har ein auke på kr 5 371 eller 6,59%.

Dette viser at ei sterk prioritering av investeringane har gitt resultat i dempa gjeldsvekst. Giske kommune ligg fortsatt på eit høgt nivå i høve inntektene og det er fortsatt naudsynt å prioritere for å redusere gjelda ytterlegare.

Endring i arbeidskapital fortel i hovudsak kommunen sin betalingsevne er bedra eller forverra. Den vert beregna som omlopsmidler med frådrag for kortsiktig gjeld, korrigert for endring i ubrukte lånemidler. Arbeidskapitalecn er differansen mellom anskaffelse av midlar (inntekter og innbetalinger) og anvendelse (utgifter og utbetalinger) av midlar i regnskapet. Når anskaffelse er større enn anvendelse har arbeidskapitalen økt.

Begrepet arbeidskapital er misvisande då driftsregnskapet vert påverka av premieavvik (forskjellen mellom innbetalt pensjonspremie til livselskapa og beregna pensjonskostnad).

Oversikta syner at giske sin arbeidskapital er svekka frå 2017 til 2018, og at Giske kommune har betre arbeidskapital en gjennomsnittet i kommunegruppe 11. Dette kjem som følge av auken i ubrukte lånemidler.